

## Religiøst hat ble mobilisert. Så ble armenerne og andre kristne minoriteter utsatt for folkemord.

Side 12-18

Ildsjel: Han tapte sitt hjerte i Kairo **2** | Leder: Først armenerne, så jødene **3**  
Bjørn Sortland: Når alt håp er ute **4** | Kristin Minde: Vuggeviser fra Betlehem **6**  
Kjønn og trosfrihet: Menn fengsles for sin tro, kvinner voldtas og tvangsgiftes **8**

# TAPTE SITT HJERTE I KAIRO

Musikeren og pastoren Trygve Wikstøl (63) la igjen sitt hjerte hos barna i Kairos «søppelbyer». Nå vil tidligpensjonisten besøke menigheter som støtter Stefanusbarna.

TEKST: MARIANNE HAUGERUD

■ **– Det vil være** en stor glede å kunne inspirere, sier Wikstøl.

Wikstøl, som har hatt mesteparten av sitt yrkesaktive liv som pastor i Misjonskirken, hadde «ti fantastiske år» i arbeid med barn og unge i Skien menighet i Den norske kirke, fra 2007 til 2017.

## Møtte barn i Kairo

Da menigheten var på jakt etter et nytt misjonsprosjekt, kom de i kontakt med Stefanusalliansen. På tur til Kairo fikk Wikstøl se arbeidet som Mama Maggie og hennes dyktige medarbeidere driver blant familier som bor og skaffer seg et levebrød på enorme søppelplasser.

– Mitt hjerte ble for alltid solgt til barna i «søppelbyene». Da jeg kom hjem, lot hele staben i menigheten seg engasjere. Menigheten inkluderte prosjektet hos forskjellige grupper, sier Wikstøl.

– *Hvordan opplever du at barn og unge responderer når de hører om Stefanusbarna?*

– Det er lett å engasjere både barn, unge og voksne. De ser at vi med enkle midler kan utgjøre en forskjell i menneskers liv. Samarbeidet med Stefanusalliansen har vært av stor betydning. Vi har fått rapporter og hjelpemidler til å vise arbeidet i praksis, se at hjelpen kommer fram og vise at vi står sammen.

## Kampen for et levebrød

– *Hva har gjort sterkest inntrykk?*

– Livshistorien til Mama Maggie har gjort inntrykk. Det samme har enkeltpersoner og familier i Kairo, både de jeg møtte og de jeg er blitt kjent med ved å lese om dem. De få kronene mange tjener, får de ved å bearbeide søppel. For eksempel samler folk plast som de smelter. «Plastkakene» selges til fabrikker som lager kleshengere. Det gjorde sterkt inntrykk å se hva folk må utsette seg for i kampen for å tjene til livets opphold.

– *Hvordan tok dere dette inn i menigheten?*

– Konfirmantene fikk for eksempel smelte plast i hjerteformer som de solgte til inntekt for barna i Kairo. En magnet gjorde at vi kunne feste hjertet til kjøleskapet. Slik ble vi daglig minnet om våre venner i Egypt. Vi laget også mye annet av ting vi ellers kaster, for å selge i misjonsgudstjenestene. De som vi hjelper, kan slik være til inspirasjon for oss, svarer Wikstøl.

## Vil lære og inspirere

Nå skal Wikstøl som frivillig medarbeider reise rundt til menigheter som støtter Stefanusbarna i Kairo gjennom Stefanusalliansen.

– *Hvorfor vil du fortsette?*

– Jeg har sluttet som pastor og begynt en litt tidlig pensjonisttilværelse. Men jeg har krefter til fortsatt engasjement i Guds rike. Det skal bli spennende å besøke andre menigheter som har Stefanusbarna som prosjekt. Jeg vil gjerne lære mer om hvordan arbeidet kan gjøres og dele erfaringer fra Skien menighet, sier Wikstøl. ■



Trygve Wikstøl er ildsjel for Stefanusbarna i Kairo.

» Det gjorde sterkt inntrykk å se hva folk må utsette seg for i kampen for å tjene til livets opphold.

Trygve Wikstøl

Magasinet  
**stefanus**

**Utgiver:**  
Stefanusalliansen

**Adresse:**  
Trondheimsveien 137,  
pb 6603 Rodeløkka,  
0502 Oslo

post@stefanus.no

**Telefon:**  
23 40 88 00

**Ansv. redaktør:**  
Johannes Morken  
jm@stefanus.no

**Redaksjon:**  
Marianne Haugerud  
Birgitte Moe Olsen  
Hilde Skaar Vollebæk

**Forside:**  
Flammen i folkemord-  
museet i Jerevan,  
Armenia. Foto: Johannes  
Morken

**Design:**  
Tyde: Bendik Schøien

**Trykk:**  
Kai Hansen Trykkeri

**Opplag:**  
16 200

**Gavekonto:**  
3000 14 57922

**VIPPS:**  
19013



Stefanusalliansen er en misjons- og menneskerettsorganisasjon med et særskilt fokus på trosfrihet.

Synspunkter i artikler står for forfatteres og intervjuobjekters regning. Stefanusalliansens meninger kommer til uttrykk i artikler skrevet av staben.

Vi følger personopplysningsloven.

**Magasinet kommer gratis sju ganger i året.**  
Bestill med SMS:  
MAGASIN til 2377 eller  
post@stefanus.no

Tilgjengelig som podkast. Kontakt KABB:  
kabb@kabb.no

**www.stefanus.no**  
f/stefanusalliansen  
@stefanusalliansen

# FØRST ARMENARANE, SÅ JØDANE

Ein flamme brenn i den armenske hovudstaden Jerevan. Ved sida av reiser det seg ei todelt søyle, ei for dei døde, den andre for dei levande. Kring tredjeparten av det armenske folket blei borte i folkemordet frå 1915.

■ **Ungtyrkarane**, som hadde teke makta i det knakande ottomanske imperiet, frykta ytre fiendar under den første verdskrigen. Dei stempla kristne minoritetar som indre fiendar.

## Fyrte opp religiøst hat

Dei sekulære Ungtyrkarane visste kva religion hadde å seia og fyrte opp religiøst hat for å «løysa det armenske problemet».

Bestialiteten skjedde i eit stort område som etter den første verdskrigen blei den nye republikken Tyrkia, på restane av Det ottomanske riket.

Men det blei stille om brotsverka mot armenarane, så stille at Adolf Hitler ope let seg inspirera. Då han i august 1939 var klar til å starta felttoget mot Polen, utbraut han: «Kven snakkar i dag forresten om utslettinga av armenarane?»

Han sende dødsmaskina si austover for å skaffa Tyskland «Lebensraum», også i form av dødsskvadronar, gasskammer og krematorium for å løysa «det jødiske problemet».

## Barbariske brotsverk

Éin mann var ikkje stille om det som hadde hendt armenarane. Den polsk-jødiske juristen Raphael Lemkin bestemte seg på 1920-talet for å definera det folkerettslege omgrepet folkemord, som ein juridisk term for barbariske brotsverk mot folk på grunn av opphav og tru. Han gjorde det nettopp på grunn av



1915 var katastrofeåret for armenarane og andre kristne minoritetar i Vest-Armenia som i dag er ein del av Tyrkia.

godt dokumenterte tyrkiske overgrep mot armenarane. Lemkin lanserte så omgrepet i 1943, midt under Holocaust, det industrielle folkemordet.

Utan overgrepa mot armenarane ville vi kanskje ikkje hatt omgrepet folkemord, eller det ville komme seinare. Likevel vil ikkje Noreg anerkjenne at det hende eit folkemord mot armenarane.

» Så stille var det om brotsverka mot armenarane at Adolf Hitler ope let seg inspirera.

## Halda minnet levande

Fridtjof Nansen gjorde alt han kunne for dei overlevande armenarane. Han gav dei, på vegne av Folkeforbundet, Nansen-pass slik at dei kunne slå seg ned i land som tok imot dei. Misjonæren Bodil Biørn frå Kragerø var eit augevitne som ikkje heldt munn.

I dag er jobben vår. Ingen som planlegg bestialitet, skal kunna seia: «Kven snakkar forresten om utslettinga av armenarane og jødane?»

Om dette kan du lesa i denne utgåva av Magasinet Stefanus. Vi skal halda minnet levande, for å æra dei døde og verna dei levande. ■



■ **Johannes Morken**  
Redaktør



## Kjære



Illustrasjon: Oscar Jansen.

Kjære? seier eg. Hjelp oss.

Ordet lever ikkje saman med noko.

Bøna mamma ba til Kjære. Den gongen orda hang saman. No veit eg ikkje kva dei betyr. Eller eg vil gløyma.

Kjære? Eg veit ikkje kven eg seier det til. Eg veit ikkje lenger om eg faktisk seier det høgt, eller om det er eit spøkelse inne i hovudet.

Eg bruker ikkje stemmebanda mine lenger. Dei er døde.

Eg veit ikkje om eg finst lenger, om alle orda er stengt inni meg.

Kjære? Det var vel han ho snakka til. Kjære Gud?

Kjære Jacob som er død?

Nei.

Kjære Zorah? Mi søster. Også død.

Nei.

Kanskje Kjære Gud er død også. Han høyrer dårlig. Eg set nok ikkje orda rett saman lenger. Eg hugsar ikkje kva orda var ein gong. Eg har ikkje lenger kraft til å skrika høgt nok.

Den einaste eg veit om er Kjære du Namn-lause. Deg veit eg finst. Her inne under hjarta.

Eg har ingen andre no. Du har ingen andre. Du er mitt einaste. Du er mitt siste ja.

Men eg har lite å gi deg.

Eg har fått lov til å liggja på madrass i den anglikanske kyrkja. Flyktningane frå Sri Lanka sov nok kanskje her for ei tid sidan. Det er nesten ingen som veit om denne kyrkja, den er gøymt bak murar.

Eg veit ikkje om flyktningane frå Sri Lanka er ferdige med jula si no. Dei seier at eg kanskje ikkje kan vera her. Ein mann ber meg gå til den armenske kyrkja. Dei kan kanskje hjelpa meg.

Kanskje. Mange kanskje.

Mest nei.

Eg går. Men det er mange armenske kyrkjer, og eg er uendeleg trøyt. Uendeleg.

Eg har vore redd du Namn-lause er død, du også. Eg har vore og er. Redd.

Du rører mindre og mindre på deg. Eg har lege med harehjarta og venta på å kjenna deg.

Nei?

Nei?

Nei?

Så rører du på deg der inne. Ditt store ja.

Kjære.

Det vesle livet som er i deg renn likevel ut.

Jacob er borte. Bomba i Aleppo. Den lange reisa til Kobane. Så over til Tyrkia. Alle pengane er brukt.

Eg har så lite å gi deg.

Eg har snart ingenting.

Eg venter av og til utanfor basaren. Nokre ser på magen, og gir meg nokre lire på grunn av den. Nokre kvinner gir meg mat. →



Nokre menn vil gi meg noko. Når mørkeret kjem. Mørkeret kjem fort no. Dei seier at dei kan betala. Men ikkje så mykje. Magen. Dei seier dei kan betala litt meir viss dei ikkje må bruka noko. Eg er jo uansett gravid.

Det er kaldt i denne store, gamle byen, det er snø.

Snø, men ikkje som i Aleppo. Zorah og eg lo då den kom. Den hemmelege gleda i snøen som gjorde oss varme. Vi var ute til langt på kveld. Vi låg på ryggen og såg vinterstjernene. Det var engleavtrykk etter Zorah og meg i snøen.

Så gjekk vi heim. Der venta mamma. Med varm te. Og pappa som sat der taus. Han sa ingenting. Men smilte. Og drakk tyrkisk kaffi som mamma meinte smakte tau.

Nokon må gi oss varme.

Eg går til Hagia Sofia. Den var ein gong vår. Det var der visdommen og nåden var. Visdom og nåde til alle. Den var stor. Den største. Visdom og nåde til alle. Det er lenge sidan den var vår. No ber dei fredagsbøna der inne.

Eg går til plassen utanfor Hagia Sofia fordi det er der turistane er. Dei må gi meg noko. Ser dei ikkje? Dei har jo sikkert barn sjølv.

Eg spør etter vegen. Gå til den armenske kyrkja. Ei av dei, i alle fall.

Kjære.

Eg står utanfor og venter. Dei rister på hovudet når eg spør om å komma inn.

Det kjem ein gjeng gitar som ruller ein kompis i rullestol.

– Hei, seier dei.

– Venter du på nokon? Har du ingen mann? Det er farleg å gå åleine i gatene på kvelden. Bli med inn til oss. Vi har biljardbord.

– Eg vil berre inn og ... feire jul. Så skal eg gå.

– Du venter barn, seier guten i rullestol. Han ber eit stort alvor i augo.

– Du treng hjelp. Du kan ikkje vera her ute. Du treng mat, kvile, drikke. Er du heilt åleine?

Eg seier ingenting. Har ikkje ord.

– Kor gammal er du?

– 18, kviskrar eg. – Eg har mista han som eg skulle ... han som...

– Ho er berre to år yngre enn deg, seier kompisen til han i rullestol. – Du kan gifta deg med henne, seier han. Dei andre ler.

– Ja, gjer det! gaular dei andre. – Du treng nokon andre enn oss som kan rulla rundt på deg. Det er ikkje sikkert vi orkar alltid.

– Kva heiter du? spør han.

Eg seier namnet mitt.

– Ho, ho! Det passer jo bra, seier kompisen, og smiler. – No når det er jul og alt.

– Kva heiter du då? kviskrar eg.

– Yousef, seier han. – Eg er berre litt eldre enn deg.

TEKST: BJØRN SORTLAND



**Bjørn Sortland** er forfattar og professor ved Norsk barnebok-institutt.



## JULESANG I PROTEST

■ **I kirker** og på julekonserter synges «Deilig er jorden». Inge-mann skrev teksten i 1850 fordi han var rystet over den brutale treårskrigen mellom Danmark og Preussen. Sangen ble skrevet som en protest mot krig og menneskers ondskap.

Også i selve hjertet av juleevangeliet finner vi undertrykkelse og forfølgelse. Vi feirer fødselen til et barn som brakte håp til verden. Men Gud som tok bolig iblant oss, ble selv drevet på flukt.

### Barnemordene

«Vuggevise fra Betlehem» heter opprinnelig «Coventry Carol», og er en engelsk julesang fra 1500-tallet. Teksten beskriver en mors følelser ved barnemordene i Betlehem, en udåd beordret av kong Herodes da han fikk vite at en ny konge skulle bli født. Like etter at hyrdene på markene hørte englekoret, kunne desperate rop høres over hele Betlehem. Mens soldatene fortsatte med sitt dødelige oppdrag – å ta av dage alle nyfødte gutter – søkte mødre gjemmeder og sang stille vuggeviser.

I dag er én prosent av verdens befolkning på flukt, og én av åtte kristne på verdensbasis lever i land med forfølgelse (ifølge Open Doors International). Sangen er en bønn for alle barn som vokser opp i utrygge og ekstreme situasjoner eller på flukt, en bønn om at de må slippe å være redde. Tallene på forfulgte er nedslående og mørke. Men lyset skinner, og mørket har ikke overvunnet det.

### Vår protest

Når vi synger med i denne sangen, kan vi også heve våre stemmer i protest mot urett. Når vi sammen hever våre stemmer, blir verden litt bedre. La oss samles til julefeiring for lyset og håpet som er kommet til verden. ■

Barn på flukt fra krigen i Syria.

Foto: Shutterstock

## Vuggevise fra Betlehem

Suli, sula, du bittelille barn  
Suli, sulei, so ro  
Et barn som vugges på mors arm  
Suli, sulei, so ro

Fly over åser, skog og mark  
Fra de som går i takt  
Med håpets brann i hjertet tent  
bærer du barnet spakt

Konge Herodes i sitt raseri  
Ga sine stridsmenn bud  
De kommer nå - hysj - hysj - for å  
Ta våre minstes liv

Syng søstre ut, så lenge som du kan  
Sangen kan ei forties  
En sang for våre arme små  
Som venter i paradiset

Suli, sula, du bittelille barn  
Suli, sulei, so ro  
Et barn som vugges på mors arm  
Suli, sulei, so ro.

TEKST: KRISTINE MINDE

SANGEN FINNES PÅ MINDES ALBUM  
«VINTERROSEN» FRA 2019



Kristine Minde er sanger og har gitt ut fem soloalbum.



# AVDEKTE LIVSFARLEG MØNSTER

Ho var redd for at rapport om kor målretta valdeleg forfølgning av kristne er, kunne brukast av dei som vil undergrava kristne samfunn.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ **Helene Fisher** og kollegaene hennar hadde laga ein rapport om kor systematisk forfølgning av kristne menn og kvinner er. Dei som forfølgjer, rammar enkeltkristne der det smertar aller mest for heile kristne samfunn.

– Vi sat med ei handbok i destruksjon for dei som ville øydeleggja kristne samfunn, seier Helene Fisher i Open Doors International.

Systematisk hadde Fisher og teamet hennar studert kjønns spesifikk forfølgning i dei kring 70 landa som har høg, svært høg eller ekstremt høg grad av forfølgning på den årlege World Watch List.

## Smertepunkt

Fisher og kollegaene hadde funne det dei kallar 30 trykkpunkt eller smertepunkt: Når dei som forfølgjer kristne på grunn av trua, treff slike punkt hos enkeltmenneske, undergrev angriparane samstundes ein familie, ei kyrkje eller eit heilt kristent samfunn.

Dei mest vanlege smertepunkta i forfølgning av kristne menn er: Fysisk vald. Fengsling. Tap av jobb. Tvangsinnrulling i hær eller milits.

– Menn er gjerne dei som skaffar familien levebrød, eller dei er kyrkjeleiarar. Dei som vil forfølgja eit kristent samfunn, veit korleis dei skal ramma menn for å ramma kristne samfunn, seier Fisher.

## Valdtekter

Fisher fann også ut at menn og kvinner vert ramma svært ulikt, og kvinner vert angripne på fleire måtar enn menn.

Dei mest vanlege måtane å forfølgja kristne kvinner på, er gjennom tvangsekteskap, valdtekter og andre former for seksuell vald, psykisk vald og tvungen skilsmisse.

Medan statar ofte er involvert i forfølgning av menn, er det militsar, lokalsamfunn eller familie som står bak overgrep mot kvinner.

– Kvinner og jenter vert ofte utsette for overgrep som rammar dei særleg fordi dei lever under krav om å vera seksuelt reine, seier Fisher.

## Bortføring

Unge jenter, kanskje berre 14 år gamle, vert i land som Pakistan bortførte, utsette for seksuell vald, tvangskonverterte og gifta bort med tvang. Dei vert truga med at valdtektene vil bli offentleg kjent dersom dei rømmer.

– Jentene veit at ingen kristen mann vil gifte seg med dei dersom det vert kjent at dei er valdtekte. Difor kjenner mange seg tvinga til å bli i eit tvangsekteskap etter eit seksuelt overgrep, seier Fisher.

Ein Open Doors-rapport om kjønns spesifikk forfølgning har sett på 74 land i 2021. I 90 prosent av desse landa var det tilfelle av tvangsekteskap for å pressa kristne kvinner tilbake til det religiøse majoritets-samfunnet.

Rapporten viser at seksuell vald i mange land ikkje berre er eit sporadisk fenomen, men ein utbreidd måte å skaffa seg kontroll over kvinner på.

## Farleg mønster

Så illevarslende var det mønsteret Fisher og kollegane fann første gongen dei sat med materialet sitt i 2018, at dei seriøst vurderte om dei skulle droppa å offentliggjera rapporten, for å unngå å gje valdskrefter ei livsfarleg instruksjonsbok.

” Valdelege angrep og fengsling gjer forfølgning av menn synleg, og vi kan skriva appellar. Forfølgning av kvinner skjer bak stengde dører.

Helene Fisher

Foto: Johannes Morken



– Men vi kom til at for at vi skal kunna koma målretta religiøs forfølgning til livs, må vi ha offentleg kjende fakta og god kunnskap. Difor offentliggjorde vi rapporten.

Året etter, i 2019, kom vi med ein ny og endå meir utfyllande rapport. Spørsmålet om publisering eller ikkje vart endå meir presserande, seier Fisher. Men rapportane vert no publiserte kvart år, i 2021 under tittelen: «Same faith – different persecution».

## Menn i fengsel, kvinner i skam

Forfølginga av menn skjer på måtar som ofte gjer at den vert offentleg kjent, medan overgrep mot kvinner gjerne skjer i det løynde.

– Valdelege angrep og fengsling gjer forfølgning av menn synleg, og vi kan skriva appellar. Forfølgning av kvinner skjer bak stengde dører, dei hamnar i skam og forfølginga er kompleks. Ofte kan ingen skriva appellar, seier Fisher. ■

## ‘Imponerende hjelpemiddel’

Stefanusalliansen har utarbeidd eit hefte om trusfridom og rettane til kvinner.

Heftet «Freedom of religion or belief for everyone – Women in focus» er laga av Vija Herefoss og Elisa Chavez, med hjelp av ei internasjonal referansegruppe.

Det handlar om korleis brot på trusfridomen rammar menn og kvinner ulikt, kva som undergrev kvinners trusfridom og kva vi kan gjera.

Heftet er på engelsk. Det kjem på arabisk seinare i år og på norsk, fransk og urdu neste år.


Den første delen av eit digitalt kurs om same tema er også klart. Det er utarbeidd av Lisa Winther.

Materiellet er laga med støtte frå Utanriksdepartementet.

– Dette er imponerende pionerarbeid. Diplomatanne våre bør gå gjennom dette. Trusfridom er viktig ikkje berre for individa, men også for utvikling av demokrati og for fred mellom trusgrupper, sa avdelingsdirektør Harriet Berg i Utanriksdepartementet under lanseringa i Oslo 3. november.

## LES MEIR PÅ NETTET

Du finn både Open Doors-rapporten, Stefanusalliansens hefte og det digitale kurset på nettsida vår: [www.stefanus.no](http://www.stefanus.no)







Jesus var eit førebilete i møte med utstøytte kvinner.  
Måleri: Reidar Kolbrek

# FRÅ SVIKAR TIL HELT

Josephine vart valdteken av ein islamistisk milit. Så skamfullt var det at mannen gjekk frå henne. Men så fekk han hjelp til å sjå den overlevande kona si med heilt andre augo.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ **Helene Fisher** i Open Doors International arbeider for å endra heile tankesettet hos forfølgde kristne.

– Det er ikkje bibelsk å gå frå eller støyta ut kvinner som blir valdteke av krefter som vil forfølgja kristne, seier Fisher til Magasinet Stefanus.

## Valdtekt og smerte

Ein islamistisk milit i Den sentralafrikanske republikken gjekk laus på eit kristent samfunn i 2015. Josephine, kona til ein leiar i ei evangelisk kyrkje, vart valdteken. Slik ville militsen ramma det kristne samfunnet på eitt av dei punkta der dei visste det ville smerta aller mest.

«Valdtekt er eit våpen for forfølgning, ein måte å gjera kristne kvinner sårbare og samstundes påføre det kristne samfunnet store traume», seier ein ekspert på Den sentralafrikanske republikken. Han er sitert i 2021-rapporten «Same faith, different persecution» frå Open Doors International.

Militsen visste at valdtekt er fylt av skam. Dei rekna med at Josephine – og andre kristne kvinner – ville bli frosne ut. Slik kunne militsen øydeleggja ei kyrkje og eit samfunn.

## Gjekk frå henne

Mange kristne kvinner som er blitt valdteke, er blitt kasta ut. Mannen til Josephine valde ein «meir ærbar» måte: han drog. Josephine fekk ha huset og omsorga for barna.

Men sidan dei stod tilbake utan eit levebrød, var det svolten som truga.

Konflikten i Den sentralafrikanske republikken var så alvorleg at ein milit frå den kristne sida etter kvart gjekk til hemnåtak.

” Vi ville at dei skulle sjå Josephine som ein overlevande helt og ikkje som ei som hadde kasta familien ut i skam.

Helene Fisher

## Traumebehandling

Open Doors International sette i gang eit program for traumebehandling av valdteke kristne kvinner i 2015. Dei starta med medisinsk og psykisk traumebehandling. Det hadde effekt.

Men for Josephine sat dette djupare. Ho blei valdteken fordi ho var kona til ein leiar i ei kyrkje, og mannen hadde gått frå både henne og barna.

Mannen var i samtalar med pastoren i kyrkja.

– Vi snakka også med pastoren. Vi trena pastoren. Etter nokre månader flytta mannen heim. Men han levde som ein framand og meinte framleis at Josephine hadde øydelagt familien.

## Lang prosess

Helene Fisher seier at det var ein svært lang prosess.

– Saker som dette tek lang tid. Vi måtte arbeida med heile det kristne samfunnet, for å hjelpa dei til å sortera kva som er kulturelt og kva som er frå Bibelen. Vi måtte få fram at det å gå frå Josephine og andre kvinner i same situasjon, ikkje var bibelsk. Mannen fekk hjelp til å sjå kva Jesus gjorde for utstøytte kvinner, seier Fisher.

Tre år etter, i 2018, kom Josephine til Fisher og sa: «No treng eg deg ikkje lenger. Vi er igjen eit ektepar. Han har slutta å klandra meg. Han har slutta å seia til barna våre at eg svikta familien.»

Mannen hadde overteke den daglege omsorga for barna, medan Josephine no var den som drog ut på arbeid.

– Det var ei massiv endring, seier Fisher.

## Endra tankesett

Det hadde skjedd eit grunnleggjande oppgjer med synet på skam:

– Vi ville ha mannen og kyrkja til å sjå på Josephine som ein helt og ikkje som ei som hadde kasta familien og kyrkja ut i skam. Vi nådde fram. Josephine hadde overlevd målretta forfølgning. Dersom eit kristent samfunn behandlar kvinner som henne som heltar, og ikkje som svikarar som har ført familie og samfunn ut i skam, mistar forfølginga noko av krafta. Overgrep vil framleis vera smertefulle for dei som vert ramma. Men dei vil ikkje på same måten kunna øydeleggja kristne samfunn og familier, seier Fisher og avsluttar:

– Vi har eit håp om at kristne samfunn som endrar tankesettet, vil bli så attraktive at dei vil påverka samfunna rundt. ■



## Til kamp mot misforståingar

Vija Herefoss og Elisa Chavez frå Stefanusalliansen listar i det ferske heftet om trusfridom og kvinner opp ein serie misforståingar som dei vil motarbeida med hjelp av heftet:

- Det er ein tendens til å sjå religion berre som ei negativ kraft som undertrykkjer kvinner.
- Det er ei misforståing at trusfridom vernar religion og ikkje den enkelte sin fridom.
- Trusfridom vert brukt for å rettferdiggjera skadelege praksisar basert på religiøse tradisjonar.
- Det er ei misforståing at trusfridom berre er nyttig dersom den vernar liberale tolkingar av religion eller livssyn.

Dei som vil lesa meir, finn heftet på nettsida vår: [www.stefanus.no](http://www.stefanus.no).



# DØDENS SKRIK I JEREVAN

– Det er ubehagelig at Norge ikke vil anerkjenne at armenerne ble utsatt for folkemord, sier Edita Gzoyan ved folkemordmuseet i Armenia.

TEKST: JOHANNES MORKEN, ARMENIA


*I Jerevan brenner en flamme for de døde og de levende. Alle foto: Johannes Morken*

■ **Det er som** vi kan høre dødsskrikene fra veggene i folkemordmuseet i Armenias hovedstad, Jerevan. De kommer fra bilder av soldater som lot seg fotografere, poserende bak avkappede mannshoder fra kristne dødsoffer. Eller de lyder fra bilder av kvinner og barn på dødsmarsjer, i konsentrasjonsleirer eller hengende på kors.

«**Jeg så min mors liv ebbe ut**»

Den unge jenta Aurora Mardiganian som overlevde de tyrkiske grusomhetene mot armenerne og andre kristne minoriteter i 1915, fortalte i sin beretning som første gang ble publisert i 1919:

«Jeg så min mors kropp mens hennes liv ebbet ut, kastet ut i ørkenen fordi hun hadde lært meg at Jesus Kristus var min frelser. Jeg så tusener på tusener av elskede døtre og milde mødre dø under piskan eller kniven eller av sulten og tørstens tortur, eller ført til slaveri fordi de ikke ville fornekte sin kristne tro.» →





” Jeg så tusener på tusener av elskede døtre og milde mødre dø under pisen eller kniven eller av sulten og tørstens tortur.

Aurora Mardiganian,  
overlevende



Uhyrlighetene som historikerne er enige om oppfyller alle kriteriene for å kalles et folkemord, skjedde i et stort område som i dag er del av Tyrkia. Tyrkia avviser at det skjedde et folkemord (se egen sak).

### Hellig krig mot kristne

Men i Det armenske folkemordmuseet i Jerevan er Edita Gzoyan, visedirektør ved museet og dets forskningsstiftelse, klar på at det skjedde systematisk og målrettet utryddelse.

– Det ble erklært hellig krig mot kristne minoriteter i Anatolia, det som i dag er Tyrkia. Religion ble bevisst brukt som redskap for å skape hat og for å mobilisere muslimer til å delta i forbrytelsene, sier Gzoyan.

Grusomhetene skjedde i Det ottomanske imperiet som eksisterte fra 1299 til det brøt sammen og ble splittet opp etter første verdenskrig.

På sitt største strakte imperiet seg fra Balkan til Kaukasus og dekket Nord-Afrika og Midtøsten. Men da den første verdenskrigen kom, hadde imperiet lenge knaket og krympet. En revolusjonær bevegelse, Ungtyrkerne, tok makten i 1908. De fryktet sammenbrudd og ville mobilisere en tyrkisk nasjon, mot ytre og indre fiender.

Under Det ottomanske riket definerte folk seg som tyrkere, arabere eller kurdere.

– Ungtyrkerne var klare på at den tyrkiske fullborger skulle være tyrkisk språklig og muslimsk. Selv var de sekulære. Men de bygget videre på Det ottomanske rikes tradisjon: Ingen religion var likeverdig med islam, skriver historiker Bård Larsen i den norske tenketanken Civita.

### «Det armenske problem»

Det hadde skjedd en bølge av forfølgelser og massakrer fra 1894 til 1896. Armenere og andre kristne minoriteter ble i økende grad definert ut av den tyrkiske nasjonen. Fra 1913 kom en etterhvert total økonomisk boikott og konfiskering av individuelle og kollektive verdier.

Isolerte armenske grupper tok til våpen mot overgrepene, noen krevde også løsrivelse. Dette ble brukt

av imperiets herskere som påskudd for å eliminere «det armenske problem».

Den ungtyrkiske lederen Enver Pasha var overbevist om at de kristne minoritetene var forrædere. De ble definert som en indre dødelig fare som stod i ledtog med ytre fiender. Britene og Australia var klare til å invadere, i øst truet Russland.

– Under dekke av krig hadde Ungtyrkerne bestemt seg for å iverksette en plan for å gjøre kort prosess med imperiets interne flerkulturelle utfordringer, skriver Bård Larsen.

### Folkemord i tre faser

I folkemordmuseet i Jerevan beretter Edita Gzoyan om «folkemordets tre faser»:

– Første fase var at armenske menn i vernepliktig alder ble innkalt til militærtjeneste. Før første verdenskrig var det ikke tillatt for kristne menn å bli med i hæren. Men så ble mennene innrullet. Det var en felle. Det ble brukt for å fjerne menn fra den armenske befolkningen. Ordren kom i februar 1915, sier Gzoyan.

Dette er, sier hun, den delen av det armenske folkemordet som det er forsket minst på.

– Vi trenger mer forskning på hvor mange armenske menn som ble innrullet og hvor mange som døde eller ble drept. Vi tror det var opp imot 300 000. De ble brukt som menneskelige skjold. Eller de arbeidet seg i hjel i arbeidsbataljoner. Andre ble myrdet med overlegg.

Så kom den mest kjente fasen. Den 24. april 1915 ble nær 250 intellektuelle og ledende armenere arrestert i Konstantinopel (dagens Istanbul). Noen ble drept i fengsel, andre ble deportert først. Blant dem var advokater, politikere, prester og forfattere.

– Det armenske folket mistet sin ledelse som kunne tale deres sak og beskytte dem, sier Gzoyan.


### Kvinner og barn på dødsmarsjer

Armenere hadde mistet både stridsdyktige menn og sine ledere og intellektuelle. Tilbake var kvinner, barn, ungdom og eldre. Nå lå alt til rette for den tredje fasen, sier Gzoyan og forklarer:

– Mange ble slått i hjel av drapsskvadroner. Eller de ble tvunget til dødsmarsjer mot dagens Syria og Irak,

” Mange kristne barn i barnehjem ble med tvang konvertert til islam.

Edita Gzoyan i folkemordmuseet i Jerevan



Et steinkors preger inngangen til folkemordmuseet i Jerevan

med drap, sult og død. Ungtyrkerne brukte konsentrasjonsleirer. I nord ble mange sendt ut i båt på Svartehavet for å dø.

### Utslettet

I Mush (Mus) i øst hadde armenere bodd i 1500 år. Sommeren 1915 var det over. Nær sagt hver eneste av de 70 000 armenere ble utryddet i juli.

